



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vanylven kommune
Rådhusvegen 1
6143 Fiskå

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
21/1697 22/10953	22.12.2022	136/2023/REGULERINGSPLAN/1511	Synnøve Valle, 71 28 02 39	09.02.2023

Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Småstranda næringsområde - fråsegn til offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld framlegg til detaljregulering av Småstranda næringsområde.

Føremålet med planarbeidet for Småstranda næringsområde er å utvikle eit nytt næringsareal nord for Åheim. Næringsområdet er planlagt oppbygd med tilførsel av ca. 90.000 m³ sprengstein frå Stad Skipstunnel. Tiltaket omfattar utfylling i sjø og ny tilkomstveg til næringsarealet frå fylkesveg 61.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

I uttalen vår til oppstart viste vi til at det er uheldig at planforslaget er i strid med veglova § 1 a og retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging i Fylkesplanen. Vi saknar ei meir overordna vurdering knytt til behov for næringsareal i denne delen av kommunen og kva transportbehov denne plasseringa medfører i forhold til eksisterande næringsområde eller andre plasseringar av næringsareal.

KONKLUSJON

Vi har ikkje mtosegn til planframlegget, men viser til merknaden over.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Eirin Husby, Frey, tlf. 71 28 00 42

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
Kystverket
NVE